

«For folk som likar å vere ute i naturen»

Knut Erik Kapstad



vere ute i naturen, seier Knut Erik Kapstad.

Begge foto: Arne Stubhau

v Storehesten

for å skape aktivitet og verdiar i bygda, kall det gjerne patriotisme. Vi har budd her heile livet, og synest det er eit veldig fint område som fleire bør få glede av, seier Kapstad.

– Men vil folk bygge her? I Bygstad sentrum ligg det tomter som ingen vil kjøpe?

– Kommunen er trege med å ta signala. Folk er ikkje interessert i å bygge der, inne i gryta. Kommunen la ut 6-7 tomter, men ingen er selde, det er vel eit teikn på at dei ligg på feil stad.

– Det er få andre tomter tilgjengeleg i Bygstad, difor legg vi ut tomter som ligg ope med fin utsikt, nær til naturen. Vi trur interessa er større for å bygge her, vi har alt fått forespurnader frå interesserte, seier Knapstad.

Flisfyring?

Ole Johnny og Knut Erik Kapstad eig to gardar i Bygstad, Nysna og Kapstad. Tomtefeltet ligg på eit område som tilhøyrer

Nysna gard. Det er ikkje dyrka mark, men skogvokst utmark.

Dei skal bruke vinteren til å hogge skogen, og blir etterspurnaden etter tomter stor nok, set dei gang til våren. Korleis husa på feltet skal varmast opp er ikkje avklara, men Kapstad er

ikkje framand for tanken om å bruke flisfyring. Skog er det nok av.

Prisen på tomtene veit dei ikkje enno.

– Men vi vurderer å gje folk i etableringsfasen billigare tomter, seier Knut Erik Kapstad.

TIPS OSS!

■ Kjenner du andre som gjer noko spesielt med hus og heim, hytte eller hage, set opp forretningsbygg, nye hus eller legg ut hytte- og bustadfelt.

Ta kontakt med Firda på epost: redaksjon@firda.no eller ring oss på tlf.: 57 83 33 33.

LØYSING KAKURO

3	12	15	20						
14	2	9	5	6	3	16			
7	1	4	2	21	9	8	6		
18	28	14	3	7	9	2			
41	1	3	10	2	1	5	3		
11	5	7	9	8	2	6	4		
17	2	5	1	3	11	7	1		
13	3	8	7	1	2	11	2		
14	4	9	1	13	9	3	1		
8	6	2		10	8	2			

Å LEVE LIVET – SAMAN

Om truskap og utruskap

Av og til står tida stille i terapirommet. Når auge møter auge og hender finn hender, er ord små og terapeutar overflødige. Vår jobb er gjort.

Det siste året har Eva og Jens vore hyppige gjester på vårt kontor. I dag snakkar vi om dei første samtalan, då alt var kaos, sinne og fortviling.

For det hadde skjedd som ikkje skulle skje! Eva hadde vore utru mot Jens.

Dei hadde snakka saman om utruskap, og dei var klokkeklare: utruskap var einstyddande med at det var slutt. No var det ikkje lenger så enkelt. Var skaden uboteleg og utilgjeveleg?

For Jens var det ufatteleg at Eva hadde vore utru. Ho hadde alltid vore sjalu og den mest bestemte i synet på utruskap.

Vi inviterte dei til å sjå nærare på dette, kva var det som hadde hendt med dei?

Dei fortalde om eit stabilt og godt forhold. Når barna flytte ut kunne dei konsentrere seg om jobb, karriere og venner. I ettertid ser dei at dei vende seg meir bort frå kvarandre enn mot kvarandre i denne tida. Spesielt vart overgangen stor for Eva, no var det tid for henne! Eva sa sjølv at ho var «totalt ubeskytta» – ho hadde ikkje tenkt over at ho kunne forelske seg, og langt mindre korleis ho skulle takle det. Det eine tok det andre, og på

«Reparasjonsarbeidet» var smertefullt. Dei brukte tid, dei gret og snakka og snakka... Om utruskap eine kvelden, om kvalitetane i forholdet den andre.

eit utanlandsopphald hadde ho sex med ein kollega. For Jens var det ekstra vanskeleg at Eva likte denne mannen godt. Ho ville ikkje snakke stygt om han, det ville vere å krenke seg sjølv, sa ho.

«Reparasjonsarbeidet» var smertefullt. Dei brukte tid, dei gret og snakka og snakka... Om utruskap eine kvelden, om kvalitetane i forholdet den andre. Eva måtte tåle Jens sine avhør. Jens måtte tåle å høyre kor utrygg han hadde gjort Eva når han florta med andre. Eva hadde ofte lur på om han eigentleg ville forplikte seg til henne. Det var truskapen, seier dei i dag; at vi gav kvarandre tid til å sjå at det er meir som bind oss saman, enn kva som skil oss.

Utruskap som omgrep er uoyøktig og kan romme svært så ulike situasjonar. Graden av krenking, svik, løgn og kvalitetar ved forholdet vil påverke om det let seg redde. Felles er det at «reparasjonen» krev innsats og vilje frå begge partar. Eva og Jens gav kvarandre denne sjansen, og klarte det!

«Hvis en av dere vil stille en troløs hustru for retten, vei da også ektemannes hjerte og mål hans sjel»

Kahlil Gibran
God helg.



Per Bj. Ørjansen og Liv Sæbø er familierapeutar på Familiekontoret i Førde.